

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

Andre påskedag – Måndag 13. april 2020

Preiketekst: Lukas 24, 13-35

Lesetekst I: Jona 2, 1-11

Lesetekst II: Ap. gj. 13, 32-35

Emmausvandrarane

Om dagen

Påsketida er på nytt i gang. Når dette blir skrive, har vi lagt bak oss den første påskedagen sidan mellomalderen som ikkje har blitt feira med offentlig gudsteneste i noko kyrkjebygg i landet vårt. Coronaviruset har skapt ein grim og uverkeleg situasjon her og utover heile kontinentet vårt, ja i store delar av verda. Også på denne andre påskedagen er det slik, men Guds ord er ikkje bunde. Mange kyrkjer og bedehus har vore kreative og aktive med god kommunikasjon på digitale plattformer. Dette gjeld ikkje minst Israelsmisjonen. Eg håper at ikkje lufta går ut av den ballongen med dei feiande flotte påskedagsfeiringane som vi får ta del i på nettet. Andre påskedag sine herlege og grensesprengande tekster, enten det er om Jona som blir fridd frå kvalfiskens buk, Paulus si frimodige forkynning om Jesu oppstode i lys av GT eller den vakre forteljinga om Jesus som opna skriftene for to vandrane disiplar slik at hjarta tok til å brenne i dei.

Om preiketeksta

Forteljinga er både kjent og kjær for mange. Lukas er ein suveren tilretteleggar av den kunnskapen som han med nitid gransking hadde funne om Jesu liv. Han levde tett på og kjente augevitna til Jesu liv, død og oppstode. Ut frå dei mange referansane til nære ting hos henne, var kanskje Jesu mor, Maria, ei av dei viktige kjeldene hans. Lukas, Paulus sin nære medarbeidar og truleg NT sin einaste ikkje-jødiske forfattar, gjorde jobben grundig og er i dag langt meir velsett som historikar enn mange i den gamle liberale tradisjonen av bibelforskning ville gjere han til. Rett nok veit vi ennå ikkje sikkert kvar Emmaus var, men ut frå det vi ennå ikkje har funne, kan vi som kjent ikkje slutte at det ikkje fanst. Truleg betyr namnet i semittisk språk noko slikt som «varm kjelde». Ligg det eit hint der om kva forteljinga vil seie oss? Vandrarane blei funnen av han som var kjelda til innsikt i Skriftene, av han som var måltidets Herre og som fekk det til å brenne i hjarta deira.

To læresveinar er på vandring vekk frå Jerusalem. Årsakene kan vere heilt prosaiske. Kanskje budde dei i Emmaus? Den eine heiter Kleopas. Er han den same som Klopas i Joh 19, 25? Begge namna er truleg kortform av Kleopatros. Begge stadane synes dette å vere ein person som flokken rundt Jesu var fortruleg med identiteten til. Var

det han og kona Maria (ei av dei mange med det namnet rundt Jesus) som var på veg heim?

I alle fall hadde dei heilt og fullt fokus på det som hadde skjedd i Jerusalem dei siste dagane, om Jesus, hans død og påstandane om hans oppstode. Alle deira jødiske håp om Jesus som Israels frigjerar ramla i grus, men «nokre kvinner» hadde gjort dei forvirra. Det blei ikkje mindre forvirrande av at Peter og Johannes kunne stadfeste at grava faktisk var tom.

Vendepunktet i forteljinga kjem når Jesus går frå å lytte til å tale. Dei forstod ennå ikkje kven han var. Kanskje var det ein del av den gode pedagogikken den dagen. Hadde han opna auga deira så dei såg at det var han for tidleg, hadde dei kanskje ikkje klart å sjå så tydeleg inn i Skriftene etterpå. Då ville alt fokus vere på opplevinga der og då. Slik handlar Gud ofte med oss. Han held sin herlegdom tilbake så vi skal lære oss å vandre i tru og ikkje i syn.

Trua kom då han opna Skriftene for dei. Vi snakkar om dei heilage jødiske skriftene, konkretisert med Moses og alle (!) profetane. Jesus understrekar ofte at det er på bakgrunn av denne openberinga folk må kome til tru på han. Det ville ikkje hjelpe å sende den døde Lasarus til den rike mannens brør for å vekke dei til åndeleg liv om dei ikkje ville tru «Moses og profetane» (Luk 16, 27-31). Dette motivet står sterkt hos Lukas, og kapittel 24 endar også der, då han opna «forstanden deira så dei kunne skjønne skriftene» (v. 45f). Dette hadde Lukas sett også hos Paulus, han som minna medarbeidarane sine om at dei gamle, heilage jødiske skriftene gjer «vis til frelse ved trua på Jesus Kristus» (2 Tim 3, 15). Dette hadde dei lært av Jesus og sett oppfylt med egne auge, og dette var den tidlege jødisk dominerte kyrkja si faste tru og overtyding. Den overtydinga må vi ta vidare både i eiga tru og forkynning og ikkje minst i oppdraget med å gi evangeliet tilbake til det jødiske folket. Dei har det i sine egne skrifter. Det er misjonsoppdragets bruhode.

Ordet får si oppfølging ved bordet. At dei to vandrarene har fått smaken på Jesu servering ser vi allereie i måten dei nødar han på: «VER hos oss!» Legg vekta der når du les teksta, ikkje der mange ofte gjer det «Ver HOS oss!» Då forsvinn poenget. Han må bli verande. Det er poenget. Dei vil ha meir av dette herlege måltidet. Denne ettermiddagen får dei dette «meir» gjennom det fysiske måltidet. Dei gjenkjenner Jesus når han bryt brødet. Dei har vore inkludert i hans nære fellesskap før. Det er det måltid primært handlar om. No er dei der igjen, og det går opp for dei at det er Jesus sjølv som har servert dei heile vegen. Han har hjelpt dei til å forstå, nærast som ein framand lærar. I måltidet inviterer han dei inn i fellesskapets nære relasjon. Det dei har høyrte, blir deira eige. Om lag slik er vel også nattverden tenkt frå han som gav oss måltidet og fellesskapet der. Eit folk i fellesskap med om han som gir seg sjølv. For oss.

Historia munnar ut i det som ikkje let seg halde tilbake. Det dei hadde sett, høyrte, opplevd og forstått, måtte delast. Berre for å oppdage at sjølvaste Simon Peter kunne stadfeste Jesus oppstode etter eit personleg møte, slik Paulus også fortel oss i 1 Kor 15, 3-5. Med det går påskedagen mot kveld og natt, men det er lyset som rår og skin inn i andre påskedags bodskap og vandringa derfrå.

Om preika

Denne dagen preikar vi lyset frå påskedag. Tanken er ikkje å repetere den historia. Kanskje skal vi snarare la denne dagen vere tida for å dra linjene bakover og framover:

- Korleis viser GT til Jesu oppstode? Mange av oss ville gjerne ha vore med på Jesu undervisning. Kva seier Salme 16 (10), Jes 53, 10-12 eller Hosea 6, 1-3, for å ta nokre av dei mest brukte referansane i den tidlege kyrkja? Dei som høyrer på, må få hjelp til å kome til rette med korleis Jesu oppstode er «etter Skriftene».
- Korleis kan vi ved trua eige fellesskap med den oppstadne? Her må dei som høyrer oss blir vist til både Ordet og bordet.
- Kva haldepunkt har vi for at han stod opp? La oss peike på truverdet til dei som vitna om å ha sett han og møtt han. Dei var skeptikarar, og vi får ganske nøkternt høyre om korleis dei blei overtydde ved at dei gjenkjente han i ord og gjerning.
- Kva driv oppstoda oss til? Dei kunne ikkje halde tilbake. Erfaringa måtte delast. Overtydinga fekk føter å gå på. Det må dei som høyrer dagens evangelium også utfordrast til.

Rolf Kjøde

Høgskolelektor NLA Høgskolen Bergen

Rolf.Kjode@NLA.no